



NVE

SFE PRODUKSJON AS
c/o Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227
6823 SANDANE

Vår dato: 20.10.2025

Vår ref.: 202518618-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Mel kraftverk i Vetlefjordelvi i Sogndal kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad av 15.09.2025 om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Mel kraftverk. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med tilhøyrande vilkår. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngiving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE gir løyve til at SFE AS kan fråvike kravet om jamn driftsvassføring for inntil 2 dagar i perioden 20.10.2025- 24.10.2025.

Vedtaket er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

NVE stiller følgjande vilkår

- Vassføringssendringane skal gjerast så skånsamt som mogleg, slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått så langt det er mogleg.
- SFE AS skal observere og dokumentere variasjonane i vassføring. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- SFE AS skal sikre at det er tilstrekkeleg vassføring i Vetlefjordelvi for å minimere eventuelle negative konsekvensar.
- Perioden med avvik må gjerast så kort som mogleg. Jamn driftsvassføring skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Ramma partar skal så langt det lar seg gjere kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium.
- NVE føreset at SFE AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova, pliktar konsesjonæren etter krav frå NVE å føre forholda i lovleg orden. NVE kan fastsetje tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Om søknaden

SFE AS søker om fråvik frå krav om jamn driftsvassføring i Vettlefjordelvi i gjeldande manøvreringsreglement fastsett i kronprinsregentens resolusjon av 12. mars 2004. Konsesjonen stiller krav om at alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar. Spesiell aktsemd må utvisast ved ein reduksjon i vassføringa for at fisk i ytterkanten til elveprofilen skal få tid til å trekkje mot djupålen. Fråviket er planlagt over 2 dagar i perioden 20.10.2025 - 24.10.2025. Frå søknaden:

Det vart installert ny turbinregulator i Mel kraftverk i juni. Det gjensto noko arbeid, og dette skal utførast no. I samband med testing av dette og prekvalifisering for FCR er det behov for å køyre prøver i ulike lastområde og med brå lastendringar. (...) Testinga vil gå over to dagar i veke 43.

Avbøtande tiltak:

- *Vi gjennomfører testar på ein dag der elva er "breddfull". Dersom det manglar vatn i elva har vi moglegheiter for stenging av bekkeinntak og/eller tapping frå magasin Nedre Svartevassvatn.*
- *Avløpstunnellen er 1,6 km lang, og dette dempar naturleg variasjonane i vassføring ut i elva.*
- *Vi regulerer luke i enden av avløpstunnel aktivt for å redusere vassføringsvariasjonar i elva nedstraums.*

Vi vil observere og dokumentere variasjonane.

Samla vil dette gjere at totalvassføringa nedstraums avløpet har akseptable variasjonar, sjølv om det er variasjonar i driftsvassføringa.

NVE ga løyve den 23.06.2025 til at SFE Produksjon AS kunne fråvike kravet om jamn driftsvassføring i perioden 24.06.2025-25.06.2025.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg belyst gjennom dette.

Statsforvaltaren i Vestland uttalar i brev av 13.10.2025:

Føremålet er å kunne fullføre test av nyinstallert turbinregulator. Dette vil innebere brå endringar i køyringa av kraftverket, medan konsesjonen stiller krav om jamn driftsvassføring.

Vi ser i søknaden at det vil vere att tilstrekkeleg vatn i elva til at elvebotnen vil vere dekt i heile breidda, og det er dermed ikkje fare for at fråviket vil få konsekvensar for fisk i elva.

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til søknaden.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Vestland fylkeskommune uttaler i brev av 09.10.2025:

Vetlefjordselvi er eit anadromt vassdrag nedstraums Mel kraftverk, og vi har ikkje avgjerande merknadar til tiltaket. Det er Statsforvaltaren som har ansvaret for fisk i anadrome vassdrag.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

Konsesjonens manøvreringsreglement stiller krav om at driftsvassføringa i kraftverket skal være så jamn som mogleg, og at alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar. NVE vurderer at tiltaket det søkast om er nødvendig, og at det derfor ikkje er mogleg med jamn driftsvassføring frå kraftverket i perioden det vart søkt om.

NVE ga, som allereie nemnd, ei tilsvarande løyve for perioden 24.06.2025-25.06.2025. SFE foreslo tilsvarande avbøtande tiltak da som no, for å sikre at vassføringa nedstraums kraftverksavløpet vil ha det SFE reknar som akseptable variasjonar. Sjølv om tiltaket inneberer brå lastendringar som fører til variasjonar i driftsvassføringa, meiner NVE at dei føreslege tiltaka vil bidra til å dempa noko av vassføringsendringane nedstraums avløpet. Statsforvaltaren påpeiker at det ifølgje søknaden vil vere tilstrekkeleg vatn i elva til at elvebotnen vil vere dekt i heile breidda, og at det dermed ikkje er fare for at fråviket vil få konsekvensar for fisk i elva. NVE vurderer at perioden for avviket er kortvarig og sannsynlegvis ikkje vil gi nemneverdige negative konsekvensar for fisk eller botndyr. Så langt NVE kjenner til er det ikkje ytterlegare risiko for skade på naturmiljø eller andre allmenne interesser i eller rundt vassdraget.

NVE har gjort søk i Naturbase og Artskart den 13.10.2025. NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og godkjennast med dei avbøtande tiltaka som SFE har foreslått. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

NVE kan ikkje sjå at fråviket frå krav om jamn driftsvassføring er til skade for nokon kjende allmenne interesser, gitt avbøtande tiltak.

NVE sin oppsummering og konklusjon

NVE vurderer konsekvensane av fråvik frå jamn driftsvassføring som akseptable, gitt lengda av tiltaket og avbøtande tiltak.

NVE gir løyve etter vassressurslova § 8 til at SFE AS kan fråvike kravet i konsesjonen om jamn driftsvassføring i inntil 2 dagar i perioden 20.10.2025- 24.10.2025.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med helsing

Ylva Bencze Rørå
fagleder

Magnus Elton Veflen
seniorrådgivar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

SFE PRODUKSJON AS

Kopimottakarliste:

SFE PRODUKSJON AS - BJARTE HAUGE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
SOGNDAL KOMMUNE

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.